

Vern om naturen vår

– det er nok hytter i Noreg!



sv.no/bli-medlem

Stopp rasinga av naturen!

Sidan 2001 er det bygd over 105.000 nye hytter i Noreg. Det betyr at det er bygd over 12 nye hytter kvar einaste dag sidan starten av 2000-talet. Vi har nærare ein halv million hytter i Noreg. Samtidig finst det reguleringsplanar rundt i kommunane som opnar for endå ein halv million nye hytter. No er det på tide å seie stopp.

Tilgang til natur og friluftsliv gjennom allemannsretten, er viktig for folk sin trivsel og fysiske og psykiske helse. Det er av uvurderleg betydning, men inneber også krav om omsyn, slik at naturen blir vareteken. Noreg har slutta seg til den internasjonale naturavtalen. Den seier at menneskeleg øydelegging av natur og tapet av naturmangfald må stoppe. Trass i dette, er det planlagt nedbygging av eit areal på 4.000 kvadratkilometer fram mot 2030. Det svarer til 560.000 fotballbanar, eller nesten heile Østfold fylke.

SV meiner at kommunane framleis skal ha hovudansvar for arealplanlegging, men vi må lage strenge nasjonale rammer og planar, slik at ikkje kommunane kan bygge ned naturen i stor skala uavhengig av kvarandre.

SV vil:

- Innføre forbod mot nedbygging av dyrka mark og omdisponering av myr
- Stanse utbygginga av hyttefelt, motorvegar og andre store naturinngrep
- Lovfeste nasjonalt mål om vern av 30 % av all natur på land og til havs
- Sikre viktige naturområde som villreinområde, utvalde naturtypar, strandsone og bymarkar
- Skjerpe krava til dei som greier ut og dei som bygger ut, sånn at dei er uavhengige av kvarandre

Sosialistisk Venstreparti
Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn
i SV her:

